



Stranda kommune  
Øyna 13  
6200 STRANDA

**Stranda kommune**  
**Reguleringsplan Grilstad del av gnr50 bnr52 m.fl**  
**Offentleg ettersyn - motsegn**

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer fra Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

**Bakgrunn**

Detaljregulering for Grilstad ligg til offentleg ettersyn. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utviding av eksisterande industriområde, omlegging av intern tilkomst frå Ødegårdsvegen, betre tilrettelegging for kunde- og intern parkering frå Skaffarvegen, betre transportlogistikk og legge opp til høg utnytting av næringsområdet.

Reguleringsplanen er delvis i tråd med kommunedelplan for Stranda sentrum, der det eksisterande industriområdet er sett av til næring. Det resterande arealet er sett av til LNF. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

**Landbruk**

Fylkesmannen aksepterer at naudsynt utviding av ei viktig bedrift i Stranda kommune vil føre til nedbygging av ca. 7 dekar dyrka jord, men med vilkår om at det må settast iverk kompenserande tiltak i form av nydyrkning/arronderingsmessige tiltak på ei eksisterande dyrka mark i aktiv drift. Vi meiner at føresegna § 5.8 Matjord er for vag og lite konkret for å oppfylle dette vilkåret. Vi viser her til føresegna.

**5.8. MATJORD**

*Overskot av matjord skal takast vare på og nyttast til matproduksjon.*

Fylkesmannen føreslår følgjande endring/tillegg til føresegna;  
«All matjord skal takast vare på og nyttast til matproduksjon. Før utbygging av prosjektet må utbyggjar ha skriftleg avtale med ein gardbrukar i aktiv drift, godkjent av landbruksmynde i kommunen, for nyttegjering av matjorda på eigna areal.»

### Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fremmer **motsegn** til reguleringsplan som gjeld utforming av føresegns § 5.8 Matjord. Vi viser til vårt forslag til endring av denne føresegna.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Fagsaksbehandlarar

Landbruk: Tormod Meisingset, 71 25 84 04.

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde